



Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.03.2018
Vår ref.: 2018/7648-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Eilin Houlison Molvik

Varsel om arkeologisk registrering. Hopsdal - gnr 192 bnr 5 - dispensasjon – ny veg - Lindås kommune

Vi viser til dykkar brev av 14.02.2018 med søknad om godkjenning i ovanfor nemnde sak, og vårt brev av 13.03.2018 med varsel om synfaring.

Arkeologar ved Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området den 20.03.18.

Vi har kjennskap til to funn av førhistoriske gjenstandar i dalføret, ein armring i gull (B2212, Askeladden–id. 211846 og eit spinnehjul (B12041, Askeladden –id.211847). Med bakgrunn i kjennskapen til arkeologiske funn, eksisterande kulturlandskap og at garden ligg i eit dalføre med tilknytning til Seim, kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført ved maskinell flateavdekking i området der ny veg ønskes etablert. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil bli ført tilbake.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekker Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske registreringa vil verte gjort så raskt som råd når marka er frostfri, og etter nærare avtale med søkjar. Vi reknar med å bruke 2-3 dagar i felt.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.